

Kvinnherad idrettsråd



Årsmelding 2023 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 3. juni 2024 i Kvinnherad Arena på Husnes.

Styret denne perioden har vore:

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Håkon Askeland, Ternen II
Ann Kristin Næss, Strand-Ulv II
Ole Femsteinvik, Strand-Ulv II
Sigve Solheim, Trio II

Vararepresentantar

Einar Oppedal
Emil Solli Stafsnes

Kontrollutval

Willy Kalsås
Knut J. Helvik
Sigmund Askeland (vara)

Styret har hatt 4 møter i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemmane.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradmeisterskap i idrett. Det var i perioden utdelt omtrent 70 medaljar. Medaljane er gratis for idrettslaga. Ein opplever at idrettslaga synes det er ei fin og ryddig ordning.

Lokalidretten og kommunen

I perioden har idrettsrådet vore på ein klubbeseøk, denne gongen hos Ternen idrettslag. På klubbeseøk kjem rådet i direkte dialog med styre i dei forskjellige klubbane, ein får synfaring på anlegga, samt forsterkar ein dialog og samspel mellom idrettslag og kommune. På anleggssynfaringa i Erslandsparken fekk idrettsrådet blant anna innsyn i prosjektet og utfordringar med profilering av løypa. KIR har tilbydd Ternen sin hjelp ved eventuelt behov i saken.

Styret har ein intensjon om å halde møter ute hos lokallaga også i framtida.

Idrettsrådet ved leiar har, som i tidelegare år, gjennomført regelmessige møter med idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad.

Styret i idrettsrådet har vore representert i prosjektgruppa for Kvinnherad Arena med leiar Richard Erlandsen. Kvinnherad Arena var offisielt opna i april 2023, og fleire arrangement var gjennomført i løpet av året. KIR og dagleg leiar av KA hadde gjennomgang av aktivitetar og moglegheiter for vidare utvikling av arena. Erfaring frå første halvåret var at arena har bidratt til høgare aktivitet for fleire idrettslag, også den uorganiserte idretten hadde ein betydeleg oppsving. Naturlegvis var det ein del av innkøyringsproblem, blant annet mangel på utstyr og møblement, men det har betre seg i løpet av hausten 2023.

Organisasjonsledd i NIF

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Idrettsrådet fordelte mellom medlemene i 2023 LA-midlar kr 1 109 915. Dette er spelemidlar øyremerkte aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6-19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp iht. angitt skala. Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

Samfunnsoppdrag

Idrettsrådet oppmodar medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

KIR, med støtte frå Vestland idrettskrets, har forsøkt å organisere barnetrenarkurs for lokalidrett i 2023. Kurset var gjennomført i januar 2024.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 3. juni 2024

Richard Erlandsen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge

Håkon Askeland

Ann Kristin Næss

Ole Femsteinvik

Sigve Solheim